



Arkivnr: 2015/11179-14

Saksbehandlar: Roald Breistein

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

### Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 2

#### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 126/15 i møte 18.12.15:**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i Hordaland fylkeskommune, samt utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan av november 2015, med dei endringar som kom fram i møtet, ligg til grunn.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte I skal gjennomførast i møte i kontrollutvalet 4.4.2016 og at prosessmøte II skal gjennomførast i møte 21.6.2016.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020 skal leggjast fram for fylkestinget i oktober 2016.

I samband med oversending av partsbrev til Deloitte 22.12.15 hadde sekretariatet slik påskrift:

«Det vert vist til saksframlegg til denne saka der det m.a. står:

«Prosessmøte I kan t.d. gjennomførast i møte 4.4.2016 og med statusrapportering på framdrift i arbeidet frå Deloitte i møte 16.2.2016. Vidare kan prosessmøte t.d. gjennomførast i møte 21.6.2016 og med statusrapportering på framdrift i arbeider frå Deloitte i møte 2.5.2016. Dersom det vert ei slik gjennomføring av prosessen vil endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon kunne leggjast fram for kontrollutvalet i møte 31.8.2016 og for fylkestinget i oktober 2016.»

Det betyr at det vert lagt opp til at Deloitte orienterer kontrollutvalet kort om status i arbeidet 16.2.16 og 2.5.16, i tillegg til dei to prosessmøta.»

**Prosessmøte 1 vart gjennomført i sak PS 22/16 i samband med møte i kontrollutvalet 4. – 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte I, analysearbeidet for forvaltningsrevision så langt til orientering.»

Drøfting:

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 2» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

«Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege prioritering til planen for forvaltningsrevision. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdigstilt og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presenterte med ei risikovurdering. Inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte I. På bakgrunn av denne risikoanalysen vil det i del 4 gå fram kva område det er knytt størst risiko til. Det er kontrollutvalet som i prosessmøte skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevision, samt .....i.»

På bakgrunn av det som går fram over vil analysedokument frå Deloitte verta ettersend i posten til dei møtande medlemmene i kontrollutvalet. Dette vil danne utgangspunktet for diskusjonen i prosessmøte 2.

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett før og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for selskapskontroll, jf. anna sak til dette møtet.

Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 2, tek forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevision så langt til orientering. Sak om endeleg forslag til plan for forvaltningsrevision skal handsamast i møte i kontrollutvalet 31.8.2016.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevision så langt, til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevision skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 10.8.2016.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.